



Vassendgutane, her i låven på Dønhaug i natt, har ikkje vore her sidan 2007

Då klokka var 23.30 i natt hadde 180 sluppe inn på låvedansen på Dønhaug der sjuemannsbandet Vassendgutane spela. Det betyr omtrent halvfullt hus og det kan ikkje kallast nokon suksess for gutane som ligg i toppdivisjonen.

Verten Magne Huglen var klart skuffa og grunnane til publikumssvikten kan vera minst 2: At det er countryfestival i Seljord dit gutane skal i morgon er ein og at det er så tett på Festidalen ein annan. Uansett hadde dei som kom ei frisk oppleving, for det er futt og fart over bandet.



Det brenn sikkert ikkje noko blått ljøs for Vassendgutane førebels sjølv om dette biletet frå i natt kunne tyde på det Det har da også ein lang karriere bak seg, mellom anna med utgjeving av 7 CD-ar og 2 DVC-ar ved livekonsertar. Sidan siste besøket på Dønhaug har bandet sluppe ut Hestesleppet som selde til gull på 3 dagar og som vi fekk høyra friske smakebitar frå i natt. Ellers har folk med rede på det merka seg at gutane har gjennomgått ei musikalsk fornying knytta til det faktum at 3 av dei er nye.

Vassendgutane har eit profesjonelt opplegg og i det inngår sal av diverse effektar. På t-skjortene står det at dette er musikk for sytalause folk. Det kan vi skriva under på.

Ein vert i godt humør etter eit møte med Vassendgutane. No får vi berre håpa at det skrinne frammøtet ikkje var noko negativt varsel framfor det som skal skje neste helg.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Det var glissent mellom dei dansande i natt